

Fra: Eva Katrine Ritland Taule (Eva.Katrine.Taule@hfk.no)

Sendt: 17.08.2017 09:04:33

Til: 'Wenche Tislevoll'; Anne-Beth Njærheim; Jostein Ljones; Kjartan Innbjo; Kjell Gitton Håland; Odd Harald Hovland

Kopi: Snorre Waage

Emne: SV: Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - referat fra styringsgruppemøte 16. juni

Vedlegg: image001.png;image002.png;Tysnes- Kplan.jpg

Hei igjen

Referatet er relativt knapt og ikke all diskusjon er referert, berre hovedpunktene. Men viss det er ønskjeleg så har eg forslag til tilføyning under pkt 5. Bærekraft i planlegging:

Det vart stilt spørsmål om ein også skulle sjå nærmare på avgrensinga av område 7. Godøya (Tysnes kommune). Administrasjonen vurderar det slik at innafor området er det berre Godøysund som er vist i kommuneplanen som utbyggingsområde. Godøysund er omfatta av vedtatt reguleringsplan. I retningslinje 1.4 under Verknad av planen går det fram at tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innafor planområdet gjeld uavhengig av denne planen. Styringsgruppa stilte seg bak denne vurderinga.

Eg legg ved illustrasjonen Tysnes Kplan.jpg som viser dette.

Venleg helsing

Eva Katrine R. Taule

Fagleiar kommunal plan

Regionalavdelinga | Planseksjonen



Tlf: 913 49 015

www.hordaland.no

Fra: Wenche Tislevoll [mailto:weti@fitjar.kommune.no]

Sendt: 16. august 2017 14:22

Til: Eva Katrine Ritland Taule <Eva.Katrine.Taule@hfk.no>; Anne-Beth Njærheim <abn@bomlo.kommune.no>; Jostein Ljones <jostein.ljones@kvam.kommune.no>; Kjartan Innbjo <kjart-in@online.no>; Kjell Gitton Håland <kjell.gitton@gmail.com>; Odd Harald Hovland <odd.harald.hovland@bomlo.kommune.no>

Kopi: Snorre Waage <Snorre.Waage@hfk.no>

Emne: SV: Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - referat fra styringsgruppemøte 16. juni

Hei og vel overstått ferie !

Det meste greitt men eg ynskjer ei tilføyning i referatet som gjeld Punkt 5. Bærekraft i planlegging.

Ber om ei skriftleg grunngjeving på kvifor ein ikkje ville sjå nærare på avgrensinga i Godøysund/Tysnes, der ein også har eksisterande og planlagt aktivitet. Dette sers mtp. at slikt blir vurdert i Austevoll. Det blei begrunna fagleg at dette ikkje ville ha noko betydning for utviklinga av området på Tysnes men kvifor då i Austevoll ?? Dei same metodane og kritierar må nyttast uavhengig kommune og stad.

Lukka til vidare med arbeidet.

Med venleg helsing

**Wenche Tislevoll
Ordførar**

Tlf: 53 45 85 50
Mobil: 97 63 63 54

Fitjar kommune • fitjar@fitjar.kommune.no
Tlf 53 45 85 00 • www.fitjar.kommune.no



MOT

Fra: Eva Katrine Ritland Taule [mailto:Eva.Katrine.Taule@hfk.no]

Sendt: torsdag 10. august 2017 15.26

Til: Anne-Beth Njærheim <abn@bomlo.kommune.no>; Jostein Ljones <jostein.ljones@kvam.kommune.no>; Kjartan Innbjo <kjart-in@online.no>; Kjell Gitton Håland <kjell.gitton@gmail.com>; Odd Harald Hovland <odd.harald.hovland@bomlo.kommune.no>; Wenche Tislevoll <weti@fitjar.kommune.no>

Kopi: Snorre Waage <Snorre.Waage@hfk.no>

Emne: Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - referat frå styringsgruppemøte 16. juni

Hei og takk for sist på styringsgruppemøtet i juni.

Det var veldig bra for planarbeidet at styringsgruppa stilte seg bak planforslaget og tilrådingane til endringar i planforslaget.

Vi jobbar no vidare med konkrete oppfølgingspunkt som avgrensing av landskapsområda, akvakulturområda i høve til farlei og oppretting av planomtalen.

Vedlagt ligg utkast til referat frå møtet. Det går konkret på tilrådingspunktata frå notatet til møtet.

Junimøtet var siste møtet i styringsgruppa og sidan eg måtte gå før møtet var heilt slutt, nyttar eg høve til å takke dere for innsatsen i styringsgruppa.

Det har vore ein lærerik og interessant prosess og eg synes at vi har hatt mange gode og konstruktive diskusjonar. Eg er sjølv sagt svært glad for at dere samla gjekk inn for planforslaget med endringspunkt. No går planen vidare til vedtakshandsaming i september og oktober.

Eg håpar og trur at planen vert eit godt reiskap for planlegging i kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger.

Venleg helsing

Eva Katrine R. Taule
Fagleiar kommunal plan
Regionalavdelinga | Planseksjonen



Tlf: 913 49 015
www.hordaland.no